

## **Styremøte i INF 06.12.19**

Fredag 06.12.19 kl. 11.00 var det styremøte i INF på Hammerstuene. Disse møtte: Olav Jostein Holten, Lars Indreiten, Halvor Flatekval, Johs. J. Vaag og Ivar Edmund Vatn.

Sak 1.

### **Referatsaker**

1. Sekretær i INF, Johs. J. Vaag, takka styret i INF for det fine opplegget rundt tildelinga av heidersprisen i gull til skiskyttarmerket til seg på Hammerstuene 28.10.19 kor visepresidenten i Norges Skiskyttarforbund, Lisbeth Gederaas, sto for utdelinga. Han takka og for at den næraste familien blei invitert.
2. Leiaren orienterte om hærverk på kommandobunkersen ved Kyrkjelydshuset på Skei. Herverket blei meldt til politiet av leiar Olav Jostein Holten.  
Styret tok orienteringa til vitande.

Sak 2.

### **Aktivitetsplan for året 2020**

Styret vedtek slik aktivitetsplan for året 2020:

14.02.20: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

14.03.20: Skiskytingens Dag på Gravvold i Bæverdalen. Tidsrom frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

08.05.20: Kransnedlegging på Hanem gravstad og Straumsnes kyrkje. Dette er eit opplegg i samarbeid med Brigadeveteranforeininga. Etter markeringa blir det samling på Fjordkroa kor det blir filmframvising ved Helge Husby og matservering.

05.06.20 og 06.06.20: Dugnad på Krigsminnesamlinga. Oppstart kl. 10.00. Slutt kl. 16.00.

13.06.20: Open dag på Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Ultimo juni 2019: Øramartnaden.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar ved 9. klasse på ungdomsskolen.  
Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Medio desember 2019: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

Til hausten blir det lagt opp til eit temamøte, slik det har vore gjort dei siste åra.

INF tek sikte på å halde fram med samarbeidet med Nordmøre Brigadeveteranforeining. Til sommaren blir det lagd opp til ein tur etter same opplegg som tidlegare. Nærare informasjon om turen vil kome seinare.

Sak 3.

### **Foredragshaldar på årsmøtet**

Vedtak:

Sak 4. Leiaren får fullmakt til å tinge foredragshaldar.

### **Nytt leidningsanlegg ved gangen på Krigsminnesamlinga**

Vedtak:

Leiaren får fullmakt til å følgje opp denne saka.

Sak 5.

### **Montering av kassettpelar i gamal radio ved Krigsminnesamlinga**

Vedtak:

Leiaren får fullmakt til å følgje opp denne saka.

Sak 6.

### **Mogleg innkjøp av framvisar samt datamaskin**

Leiaren har innhenta tilbod hos firmaet Power. Pris på framvisar: Kr. 10.000,-.

Vedtak:

Leiaren får fullmakt til å innhente tilbod på datamaskin. Når kostnadane er klare fattar styret i INF endeleg vedtak i saka.

Sak 7.

**Arbeid med å få tak folk til å instruere ungdomsskoleelvar på  
Krigsminnesamlinga**

Vedtak:

Leiaren kontaktar personar som kan tenkje seg å ta på seg ei slik oppgåve.  
Dette blir elles ei sak for valkomiteen.

Olav Jostein Holten

Leiar

Johs. J. Vaag

Sekretær